



Prop. 1 S Tillegg 3

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2011

Endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (tilleggsøyve etter tildelingsrunden 2009 og tiltak for berekraftig havbruk)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 5. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Våren 2009 vart det lyst ut 65 nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, jf. St.prp. nr. 1 tillegg nr. 4 og Budsjett-innst. S. I (2008-2009). Tilsegn på nye løyve vart gitt av Fiskeridirektoratet sine regionkontor sommaren 2009. Det kom i ettertid inn mange klager på tildelingsrunden til Fiskeridirektoratet i Bergen som var klageinstans. Klagehandsaminga har teke lang tid, i nokre tilfelle over eit år.

Talet på løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure er avgrensa. Det inneber at når ein søkjar får medhald i sin klage og dermed får eit løyve, vil ein av dei som tidlegare har fått tilsegn samstundes måtte miste sitt løyve.

2 Tilleggsøyve etter tildelingsrunden 2009

Etter ei samla vurdering, mellom anna på bakgrunn av at det har gått lang tid, meiner Regje-

ringa at det skal tildelast fire nye løyve, slik at løyve som er trekte tilbake under klagehandsaminga likevel kan behaldast. Vederlaget for kvart løyve, på 8 mill. kroner, blir vidareført.

Som følge av forslaget vil løyvinga på kap. 4030 post 13 i statsbudsjettet for 2010 bli foreslått endra i samband med ny saldering.

3 Tiltak for berekraftig havbruk

I tildelingsrunden 2009 vart 3 mill. kroner per løyve overført til dei aktuelle fylkeskommunane. For at balansen mellom fylkeskommunane ikkje skal endrast på grunn av tilleggsøyva foreslår Regjeringa at 12 mill. kroner blir løyvd til forskning og overvaking o.a. for gjennomføring og oppfølging av regjeringa sin *Strategi for ei berekraftig norsk havbruksnæring*. Dette vil komme alle havbruksfylka til gode. Midlane blir fordelt med 7 mill. kroner over Fiskeri- og kystdepartementet sitt budsjett og 5 mill. kroner over Miljøverndepartementet sitt budsjett.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av statsbudsjettet for 2011 (tilleggsøyve etter tildelingsrunden 2009 og tiltak for berekraftig havbruk).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (tilleggsøyve etter tildelingsrunden 2009 og tiltak for berekraftig havbruk) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring i Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2011 (tilleggsøyve etter tildelingsrunden 2009 og tiltak for berekraftig havbruk)

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1023		Fiskeri-, havbruks- og transportrettet FoU	
	21 (ny)	Spesielle driftsutgifter.....	7 000 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning	
	21	Spesielle driftsutgifter.....	279 644 000
mot tidlegare foreslått kr 274 644 000			